



DET KONGELIGE
FINANSDEPARTEMENT

Rundskriv R

Alle departement
Statsministerens kontor

Nr.
R-7/2021

Vår ref
21/4390

Dato
06.09.2021

Statsbudsjettet 2021 – Tilleggsøyvingar i haustsesjonen – Ny saldering

Finansdepartementet skal leggje fram for regjeringa ei samla oversikt over fagdepartementa sine forslag til tilleggsøyvingar hausten 2021. Finansdepartementet ber difor om at fagdepartementa sender inn forslag til tilleggsøyvingar for 2021 som det er strengt naudsynt at Stortinget vedtek i haustsesjonen. Dette gjeld òg saker om overskriding av mindre omfang og som i tråd med løyvingsreglementet kan avgjerast med samtykke frå Finansdepartementet eller ved kongeleg resolusjon.

Finansdepartementet gjer òg merksam på at det kan vere naudsynt å setje ned løyvingar for å tilpasse dei til kravet om realistisk budsjettering.

Finansdepartementet skal ha innspela innan 21. oktober 2021. Forslaga skal fordelast på kapittel og postar med følgjande opplysningar som skal gjevast i 1 000 kroner:

- Rekneskap 2020
- Saldert budsjett 2021 + tilleggsøyvingar hittil i år
- Tilleggsforslag for 2021

I hovudbudsjettsskrivet for 2022 vart departementa bedne om å sende inn overslag over behov for å endre løyvingane i andre halvår 2021 innan 26. juli 2021. For at desse skal bli behandla, må departementa sende inn konkrete forslag no. Det er ikkje nok å ha gjeve desse opplysningane tidlegare.

Etter at regjeringa har teke stilling til forslaga om tilleggsøyvingar, må departementa leggje fram eigne proposisjonar med dei forslaga som vart godtekne. Fristen for å leggje fram slike forslag er 26. november 2021. Utkast til proposisjon skal leverast Finansdepartementet for kontroll innan 22. november 2021.

Proposisjonen om ny saldering av statsbudsjettet for 2021 vil etter planen verte fremja i statsråd 3. desember 2021.

Med helsing

Colin Forthun e.f.
avdelingsdirektør

Richard Gjertsen
fagsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikke h ndskrevne signaturer